

Høyringsuttale frå Utdanningsforbundet i Skjåk i høve skulestrukturen i Innlandet

Utdanningsforbundet i Skjåk ynskjer å kome med innspel på at skulestad Lom er føreslått lagt ned. Dette vil i stor grad påverke både ungdommane og heile lokalsamfunna våre.

Utdanningsforbundet i Skjåk sluttar seg til argumenta som Utdanningsforbundet i Lom har sendt inn. Vi vil presisere dette:

Skulen i Lom er viktig fordi det er ein skule med gode resultat, både når det gjeld fagleg, sosialt og gjennomføringsgrad. Skulen har også ei spesiell geografisk plassering, sidan det for mange elevar blir langt til andre vidaregåande skular. Som det er vist til i mange andre høyringsinnspele, er også elevgrunnlaget bra i åra som kjem.

Skjåk er i ein spesiell situasjon, sidan vi geografisk ligg i utkanten av skuleområdet. Om Lom blir lagt ned er Otta nærmeste vidaregående, og da vil det uansett kor du bur i bygda bli minst tre timer i buss kvar dag. Om du bur lengst vest i bygda vil det bli fire timer. Nokre elevar tek denne turen i dag også, men det er elevar som er motiverte til å gå på andre studiestader enn i Lom. Det er det ikkje alle som er. Vi har også elevar som av ulike grunnar i praksis ikkje vil ha eit vidaregåande tilbod om dei må reise heilt til Otta. Dette er problematisk på mange måtar, og det kjem også i strid med at det i dag er lovfesta rett til vidaregåande opplæring.

Det å bu fleire timer frå der du går på skule gjev fleire ulykker. Om du tek buss får du færre timer kvar dag til å jobbe med skulearbeid heime, du kan også bli ekstra sliten. Det gjer at dei som bur nærmare skulen har eit konkurransefortrinn når det gjeld å få gode skuleresultat, og kan påverke sjansen elevane har til å kome inn på det dei ynskjer vidare i skuleløpet. Dette blir ikkje løyst om elevane bur på hybel, sidan det å bu på hybel i så ung alder ikkje er det same som å bu heime. Om du bur einsleg er det ein meir stressa kvardag, fordi du for eksempel må lage mat og vaske klede sjølv, du må også passe på å få lagt deg i rett tid, og å kome deg opp om morgonen.

Å bu på hybel er også ei økonomisk belastning. Stipend ein får frå lånekassa dekker ikkje alle utgifter med å bu på hybel. Det er ikkje berre husleien som ofte er dyrare enn stipendet, men ein skal også ha pengar til mat. Erfaring vi har i Skjåk er at ikkje alle familiar har råd til at ungdommen bur på hybel. Det er også ungdommar som vel å arbeide sjølve for å ha råd til å bu på hybel, men det går også ut over skulearbeidet om ungdommane må arbeidde mykje på fritida si.

I Skjåk har vi fleire elevar som startar på Otta, enten med at dei tek buss, eller at dei bur på hybel, og at dei etter kort, eller lengre tid søker seg over til Lom. Elevane er ikkje gamle når dei startar på vidaregåande, og fleire er ikkje psykisk eller fysisk rusta til å bu på hybel, eller å reise så langt med buss kvar dag. Dette gjeld i enda større grad elevar med spesielle behov. Vi meiner at desse konsekvensane ikkje er godt nok utreda.

Ein må rekne med at det er fleire som ikkje får gjennomført vidaregåande om Lom blir lagt ned, er det sett på kva for konsekvensar dette har for den enkelte og samfunnet?

For Utdanningsforbundet i Skjåk er det i tillegg viktig at det vil bli færre arbeidsplassar for våre medlemmar om Lom blir lagt ned. Det vil seie at fleire må flytte for å få arbeid, og det vil i sin tur gjere at det blir enda færre innbyggjarar i bygdene våre, med dei følgene det har.

Fylket har eit ansvar for at alle elevar skal ha like moglegheiter, og at det skal vere mogleg å vokse opp og bu i heile fylket. Dette vil ikkje vere tilfellet om Lom blir lagt ned. Vi har allereie fått eksempel på familiar som ikkje vil flytte til Lom/Skjåk om vidaregåande blir lagt ned, og det er familiar som bur her som seier dei kjem til å flytte om skulen blir lagt ned. Dette får store konsekvensar for kvar enkelt og for bygdene våre.

Vi meiner politikarane må ta omsyn til at Innlandet er eit stort fylke med store avstandar, og at om det skal vere grunnlag for å bu og arbeide i desse bygdene, må det også vere tilbod om vidaregåande som er tilgjengeleg for alle. Om alle elevar i Skjåk må reise til Otta, veit vi at alle ikkje i praksis vil ha eit skuletilbod.

Utdanningsforbundet i Skjåk v/styret